



Arkivnr: 2015/9336-7

Saksbehandlar: Arthur K. Arnesen, Ingjerd Skogseid

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.01.2016

Revisjon av retningslinene for forvaltning av kompensasjonsmidlane i Hordaland frå 2015 og Utllysing av 2015 – 2016 midlane

Samandrag

Kompensasjonsordninga for auka arbeidsgjevaravgift har eksistert sidan 2004. Årleg blir det sett av ein sum i statsbudsjettet som blir overført fylkeskommunen som har ansvaret for å forvalte midlane. Midlane skal nyttast til næringsretta utviklingstiltak.

Det er etablert ei styringsgruppe som lagar ein årleg plan for disponering av midlane. Planen blir handsama av RNF og vedtatt av fylkesutvalet. Denne planen er grunnlaget for forvaltning av midlane.

Siste revidering av retningslinene for forvaltning av midlane var i 2007, og skulle gjelda ut 2013, men vart forlenga til å gjelde for 2014. Våren 2014 godkjende ESA Kommunal- og Moderniseringsdepartementet sitt framlegg til nytt regelverk for differensiert arbeidsgjevaravgift som gjelder frå 1. juli 2014 og ut 2020. Det er no eit vesentleg skifte i ordninga, nytt regelverk, færre midlar og færre kommunar. Kommunane som er med i perioden 2015-2020 er Etne, Bømlo, Kvam, og Modalen. Dette gjer det nødvendig med ei ny revidering av retningslinjer for forvaltning og kompensasjonsmidlane i Hordaland.

Kunngjering og utdeling av 2015 midlane er ikkje gjennomført i påvente av dei nye retningslinene.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner det framlagte utkastet til «Retningslinjer for forvaltning av kompensasjonsmidlane 2015-2020».
2. Fylkesutvalet godkjenner at det blir gjennomført ei felles utlysing av kompensasjonsmidlane for 2015 og 2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Vedlegg: Utkast til Retningslinjer for forvaltning av kompensasjonsmidlane 2015-2020.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.01.2016

Bakgrunn

Kompensasjonsordninga for auka arbeidsgivaravgift vart innført i 2004. 13 kommunar som tidlegare hadde hatt differensiert arbeidsgivaravgift fekk den gang innført full arbeidsgjevaravgift og blei med i ordninga.

Årleg blir det sett av midlar i Statsbudsjettet som ein kompensasjon for den auken i arbeidsgivaravgift næringslivet i desse kommunane må betale. Midlane blir overført fylkeskommunen som har ansvaret for å forvalte desse. I Hordaland er det etablert ei regional styringsgruppe som lagar ein årleg plan for disponering av midlane. Denne planen er grunnlaget for prioritering og forvaltning av midlane. Midlane skal nyttast til næringsretta utviklingstiltak.

I 2006 skjedde det ein revisjon av ordninga for perioden 2007 til 2013 og 5 kommunar i Hardanger pluss Masfjorden fekk gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift og gikk dermed ut av ordninga. Dei sju kommunane som framleis var med i ordninga var Bømlo, Etne, Kvinnherad, Tysnes, Jondal, Kvam og Modalen. I samband med denne omlegginga reviderte også fylkeskommunen sine retningslinjer for forvaltning av midlane i denne perioden.

I 2013 blei det gjort ei ny nasjonal vurdering av kompensasjonsordninga som skulle gjelde for perioden 2014 til 2020. Sidan dei nye nasjonale reglane blei forsinka og ikkje var på plass før våren 2014, blei dåverande reglar forlenga fram til 30.06.14. Fylkeskommunen fikk difor midlar for alle dei 7 kommunane og forvalta midlane for 2014 etter retningslinjene frå 2007, men med ei endring av sjølve søknadsprosedyren. I den nasjonale revisjonen som blei godkjent våren 2014, fekk fleire kommunar gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift og gjekk då ut av ordninga deriblant 3 kommunar i Hordland.

Med nye nasjonale reglar, færre kommunar og mindre midlar er det difor behov for også å revidere dei fylkeskommunale retningslinjene for forvaltning av kompensasjonsmidlane.

Tidlegare handsaming av retningslinjer for kompensasjonsordninga i fylkesutvalet

Etter ein omfattande prosess kor næringslivet og ordførarane i dei råka kommunane deltok, og kor Regionalt næringsforum kom med ei anbefaling, blei forslag til nye retningslinjer fremma for fylkestinget 16.10.07 som Sak 64/07. Det blei gjort slikt vedtak:

1. *Fylkestinget sluttar seg til den i saka føreslåtte modellen for forvaltning av kompensasjonsmidlane i perioden 2007 – 2013, basert på*
 - *ei felles styringsgruppe*
 - *strategiske føringar for fordeling av midlane*
 - *ansvars- og oppgåvefordeling mellom fylkesutvalet, Regionalt Næringsforum og den regionale styringsgruppa*
 - *sekretariatet lagt til Samarbeidsrådet for Sunnhordland*
 - *forvaltningsoppgåver lagt til fylkeskommunen*
 - *utarbeiding av årleg handlingsplan*
 - *forvaltning av bedriftsretta midlar gjennom Innovasjon Norge*
2. *Fylkestinget delegerer det overordna ansvaret for vidare forvaltning av kompensasjonsmidlane til fylkesutvalet, inkl. mynde til å godkjenne årlege handlingsplanar og gjere eventuelle endringar i forvaltningsmodellen.*

Deretter har styringsgruppa utarbeida årlege handlingsplanar. Planane er blitt handsama av fylkesutvalet og godkjent med enkelte justeringar.

I samband med handsaminga av kompensasjonsordninga for 2013 den 20. februar 2014 (PS 34/2014) blei det gjort slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet godkjenner Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013 med unntak av prosjektet "Storeteigen – næringsarena". Midlane avsett til dette prosjektet blir overført til tiltaket "Tilrettelegging for infrastruktur i Kvam".
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med eit forslag til forvalting av kompensasjonsmidlane i perioden 2014 til 2020.

I eit notat til fylkesutvalet 20. mai 2014 orienterte fylkesrådmannen om nye reglar for differensiert arbeidsgivaravgift (RS 62/2014). Opphavleg skulle desse reglane være klar frå 01.01.2014, men blei forseinka og ikkje innført før frå 01.07.2014. Samstundes blei dei gamle reglane forlenga. I dei nye reglane fekk Jondal, Tysnes og Kvinnherad gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift frå 01.07.2014 og går dermed ut av ordninga. Sidan midlane for 2014 var tildelt ut frå dei gamle reglane i mars 2014 gjaldt tildelinga også for 2014 også desse to kommunane. På bakgrunn av dette orienterte fylkesrådmannen om at den planlagde gjennomgangen av den regionale forvaltinga i Hordaland blei utsett og tidlegare ordning blei vidareført også for 2014.

I meldinga 20. mai informerte fylkesrådmannen også om at ein ny Forskrift om forvalting av regionale Utviklingsmidlar, som kom 1. januar 2014, også omfatta kompensasjonsmidlane. Forskrifta gjorde at delar av den regionale forvaltinga måtte leggest om i 2014. Midlane måtte mellom anna kunngjerast og gjerast søknadsbasert. Tidlegare skjeddde utforminga av prosjekta i lokale prosessar mellom næringsliv og kommune, men utan kunngjering og generell søknadsmoglegheit. Midlane for 2014 blei lyst ut i juni 2014 og handlingsplanen for bruken av midlane blei godkjent av fylkesutvalet i februar 2015.

Det nye nasjonale regelverket, og endringar i omfang på ordninga er grunnlaget for den revisjon av dei regionale retningslinene som er føreslått i dette saksframlegget. Det har tatt tid å utarbeide nye retningsliner for kompensasjonsordninga. Fylkesrådmannen vil difor i denne saka også føreslå å slå saman utlysinga av midlane 2015 og 2016.

Om arbeidet med revidering av retningsliner for kompensasjonsordninga

Behovet for revisjon av retningslinene for forvalting av midlane er vurdert saman med styremedlemmer og observatørar i styringsgruppa, mellom anna på ei erfaringsamling 27.09.2015. På samlinga var det brei semje om å vidareføre retningslinene frå siste periode, men med nokre justeringar og forenklingar.

Regionalt næringsforum (RNF) er overordna styringsgruppe for forvalting av kompensasjonsmidlane og skal komme med tilråding til fylkesutvalet i prinsipielle spørsmål knytt til forvalting av midlane. Innspela frå erfaringsamlinga danna grunnlag for ei sak til RNF. Saka drøfta ulike alternativ for styringsstruktur og fordeling av administrative oppgåver samt dei reviderte retningslinene. Saka blei handsama på møte i RNF 30.11.2015 som kom med følgjande tilråding:

Basert på at det noverande forvaltningssystemet for kompensasjonsmidlane har fungert relativt godt og at det berre er 3 år til ordninga blir avvikla vil RNF tilrå følgjande:

1. *Noverande styringsstruktur med ei eiga styringsgruppe, RNF og fylkesutvalet blir oppretthaldt med dei funksjonane dei har i dag. Styringsgruppa blir sett saman av ordførar og ein næringslivsleiar frå kvar av dei fire kommunane som framleis er med i ordninga.*
2. *Med så få kommunar blir ordninga med eit eige arbeidsutval avvikla.*
3. *Ordførar og representant for næringslivet må sikre forankring av prioriteringar i sin kommune.*
4. *Ordninga med Samarbeidsrådet for Sunnhordland som sekretariat for styringsgruppa blir vidareført.*
5. *Dei reviderte retningslinene og krava til søknader frå 2014 blir vidareført med eventuelle nødvendige justeringar.*
6. *Kravet til habilitet blir tatt med i retningslinene.»*

Basert på denne tilbakemeldinga, er dei reviderte retningslinene ferdigstilte. Utkastet ligg ved dette saksframlegget (sjå vedlegg). Forslaget til reviderte retningsliner er også sendt ut til styringsgruppa, observatørar og sekretariatet. Det er ikkje kome innspel til utkastet.

Kort gjennomgang av nye retningsliner

Nedanfor er ein kort gjennomgang av nokre av dei viktigaste justeringane som er gjort i retningslinene.

Nasjonale føringar og retningsliner.

Nokre av dei viktigaste føringane frå Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar er tatt med her saman med viktige avgrensingar av kva midlane ikkje kan nyttast til.

Krav til søknad

Krav til søknad er utvikla basert på den nasjonale forskrifta og fylkeskommunen sine retningsliner for handsaming av regionale utviklingsmidlar. Midlane må kunngjerast og gjerast søkbare gjennom det nettbaserte søknadssystemet RF 13.50. Midlane skal og nyttast i tråd med gjeldande planer for regional utvikling og nyttast til næringsretta utviklingstiltak.

I krav til søknad er det gjort greie for kva kommunar som er omfatta av ordninga justert. Det er også poengtert at prosjekta skal ha god kvalitet og søkar skal ha god gjennomføringsevne.

Styringsstruktur.

I perioden fram til 2014 har styringsgruppa vore samansett av ein næringslivsleiar samt ein personleg vararepresentant utpeika av NHO samt ordføraren frå kvar av dei sju kommunane. Det har i tillegg vore ein representant for dei bedriftene som ikkje er med i NHO utpekt av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

I arbeidet med å revidere retningslinene er det vurdert om den nedskalerte ramma bør føre til ein nedskalert styringsstruktur mellom anna om RNF sjølv skulle overta som styringsgruppe. Konklusjonen var at dette ville medføre vesentleg meirarbeid for RNF. Det vil også gjere det vanskelegare å ta omsyn til lokale prioriteringar.

I dei reviderte retningslinene blir det difor tilrådd at dagens styringsstruktur blir vidareført. Ordninga med at styringsgruppa skal vere sett saman av ordførarar i dei fire kommunane omfatta av ordninga, samt ein næringslivsrepresentant med personleg vara frå næringslivet i kvar kommune blir foreslått vidareført. Den uavhengige næringslivsrepresentanten tilrådd tatt bort. Fordi storleiken på styringsgruppa er redusert som følgje av at færre kommunar med i kompensasjonsordninga, er moglegheita til å nytte arbeidsutval i behandling av søknaden fjerna.

Administrative oppgåver knytt til forvaltning av midlane:

Det er behov for både ein sekretariatsfunksjon for styringsgruppa og ein forvaltningsfunksjon, men oppgåvene kan fordelast og løysast på ulike vis. Basert på konklusjonane frå erfaringssamlinga blei det lagt fram to forslag for RNF for korleis best løyse dei administrative oppgåvene. RNF anbefalte å gå vidare med eksisterande delte ordning kor Samarbeidsrådet i Sunnhordland innehar sekretariatsfunksjonen og fylkeskommunen innehar forvaltningsfunksjonen.

Habilitet:

Det har ved ulike høve vore reist spørsmål om habiliteten til medlemmer av styringsgruppa i høve tildeling av midlar. I det reviderte forslaget til retningslinene er det difor inkludert eit avsnitt om habilitet. Sidan styringsgruppa er oppnemnt av fylkeskommunen og utfører tenester på vegne av fylkeskommunen er forslaget er å nytte fylkeskommunen sine rutinar for habilitetsvurdering.

Vurdering

I Statsbudsjettet for 2016 er det signalisert at kompensasjonsordninga for arbeidsgivaravgift blir avvikla etter 2018. Det inneber i så fall at det berre er tre år igjen med denne ordninga. Næringslivet og kommunane er også tilfredse med den modellen som er for forvaltning av kompensasjonsmidlane. Fylkesrådmannen ser difor ikkje at det grunn for å gjere dei store endringane i korleis midlane blir forvalta dei siste tre åra. I staden vil eg tilrå at ein vidareførar retningslinene som har vore til no, men med nokre justeringar slik det går fram av det vedlagte utkastet og i tråd med tilrådingane frå RNF.

I perioden fram til 2014 har styringsgruppa vore samansett av ein næringslivsleiar samt ein personleg vararepresentant utpeika av NHO samt ordføraren frå kvar av dei sju kommunane. Fylkesrådmannen har vurdert om det er tenleg å justere styringsstrukturen. Eksisterande ordning med lokal representasjon blir foreslått vidareført, men ordninga med eit arbeidsutval i tillegg blir tilrådd avvikla.

Fylkesrådmannen vurderer det som viktig at Styringsgruppa som handsamer søknadane og innstiller vidare til RNF, har ein lokal forankring for å nå målsettinga om å sikre at prosjekta er forankra i lokale problemstillingar og prioriteringar. Dette er i samsvar med RNF si innstilling.

Dei administrative oppgåvene har vore todelte. I prosessen med å revidere forvaltningsordninga har fylkesrådmannen vurdert å slå saman dei to funksjonane og samla dei hjå fylkeskommunen. Samarbeidsrådet i Sunnhordaland har fått god omtale for sitt arbeid av styringsgruppa. Det er også kort tid att i programmet om signala i Statsbudsjettet for 2016 er riktige. Det vil difor vere meir praktisk å gå vidare med ei godt fungerande ordning enn å skape ein ny struktur no. Det er også lite å spare økonomisk ved å samle alt hos fylkeskommunen.

Det er viktig at det ikkje kan stillast spørsmål om habilitet ved tildelingar frå kompensasjonsordninga. Fylkeskommunen sine rutinar gjeld for tilsette, politikarar og andre som utfører tenester for fylkeskommunen, og rutinane er forankra i Forvaltningslova og Kommunelova. Eg tilrår at dette blir tydeleggjort i retningslinene.

Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar frå KMD opnar opp prosessen med å få fram nye prosjektidear. Dei gjer prosessen meir transparent, ved at dei tydeleggjer kva type tiltak det kan søkast støtte om, og at utlysinga blir kunngjort. Alle i målgruppa for ordninga får dermed moglegheit til sende inn ein søknad gjennom søknadssystemet.

Felles utlysing 2015-2016 midlar

Det har tatt tid å utarbeide nye retningsliner for kompensasjonsordninga, mellom anna fordi plan for 2014 fyrst blei vedtatt på nyåret 2015. Årsaka til det var mellom anna at ein måtte legge om til ein søknadsbasert ordning som følgje av den nye forskrifta. Dette inkluderte utlysingsrutinar med felles søknadsfrist og felles sakshandsamingsrutinar.

Fylkesrådmannen har valt å vente med utlysing av tildelte midlar for 2015 (28,7 mill kr) til forslaget til reviderte retningsliner som blir fremma her er vedtatt. Utlysing kan då finne stad i februar.

Samstundes er det slik at det årlege tildelingsbrevet frå KMD kjem i februar eller mars kvart år. Fylkesrådmannen meiner difor at det denne gangen kan vere hensiktsmessig å lyse ut midlane for 2015 og 2016 saman. Dette gjer det mogleg å hente inn den uheldige forskyvinga som har oppstått. I tillegg vil det bli ein større ramme å søke på. Det vil også redusere arbeidet for administrasjonen, styringsgruppa, RNF og fylkesutvalet når ein kan handsame søknadane saman.

Fylkesrådmannen vil difor tilrå å slå saman utlysinga av midlane for 2015 og for 2016 og at det blir utarbeidd ein felles handlingsplan.

Vedlegg:

Retningslinjer for forvaltning av kompensasjonsmidlane i Hordaland 2015 - 2020. (Utkast til fylkesutvalet 29.01.2016)

1. Nasjonale føringar og retningslinjer.

Nasjonale retningslinjer for bruken av kompensasjonsmidlar er trekt opp i Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar. Av sentrale punkt frå forskrifta kan nemnast:

- Midlane kan nyttast til å dekke de delar av kostnadene som er direkte knytt til realisering av prosjektet/tiltaket.
- Tilskott kan berre bli gitt i inntil 5 år sjølv om prosjektet har lengre varigheit. Det er visse unntak for prosjekt i regi av nasjonale virkemiddelaktørar, Ungt Entreprenørskap og Merkur.

Forskrifta sett og grenser for kva midlane ikkje kan dekke, slik som:

- a) Drift av næringsverksemd eller organisasjonar.
- b) Kausjon eller annen økonomisk garanti.
- c) Direkte eller indirekte investeringar i verksemdar sin egenkapital.
- d) Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekter.
- e) Drift av eller investeringar i statlige, fylkeskommunale og kommunale lovpålagte oppgåver utført av fylkeskommunen, kommunen eller andre.
- f) Å avsette midlar til uspesifiserte fond. Delegerte midlar til kommunar og regionråd, eventuelt andre forvaltningar regnes ikkje som fond.
- g) Politikkforberedande aktiviteter internt hos forvaltar eller i regi av forvaltar, herunder kjøp av tenester i samband med utforming av nye tiltak og lovpålagte eller eigeninitierte plan- og strategiprosesser.

Bokstav a, b og c gjeld **ikkje** for tilskot Innovasjon Norge tildeler.

2. Krav til søknad

Søknadar om støtte frå kompensasjonsmidlar skal sendast gjennom det nettbaserte søknadssystemet RF 13.50.

Generelt gjeld at midlane skal nyttast i tråd med gjeldande planar for regional utvikling. Særleg står Regional plan for næringsutvikling 2013 til 2017, Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026 og Regional transportplan Hordaland 2013–2024 sentralt. Vidare må søknaden tilfredsstilla nokre krav kor dei viktigaste er:

1. Prosjekt eller tiltak som det søkast om midlar til må vere forankra i ein eller fleire av kommunane Etne, Bømlo, Kvam eller Modalen. Dersom søkjar ikkje er frå ein av kommunane må det dokumentarast at prosjektet vil medverke til næringsutvikling i ein eller fleire av desse kommunane. Prosjektet skal ha god kvalitet og søkar skal ha god gjennomføringsevne.
2. Målgruppa for kompensasjonsmidlane er definert som regionale utviklingsaktørar, kommunane og større bedrifter. Mindre bedrifter og privatpersonar kan ikkje søke. Med *regionale utviklingsaktørar* meinast organisasjonar og andre som har som formål å arbeide med næringsutvikling i vid forstand som til dømes næringsforeiningar, næringssselskap, vidaregåande skular, høgskular, nettverksorganisasjonar med meir. Med *større bedrifter* meinast bedrifter med samla lønnskostnader på 15 mill kr eller meir. Mindre bedrifter og etablerarar må søke gjennom det ordinære virkemiddelapparatet i regi av Innovasjon Noreg, eventuelt regionale etablerarfond.
3. Det kan søkast om midlar til næringsretta utviklingstiltak og prosjekt. Med *næringsretta* meinast tiltak og prosjekt som legg til rette for auka entreprenørskap og innovasjon, styrking av næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og styrking av nærings- og innovasjonsmiljø.
4. Dei større bedriftene kan søke om støtte til bedriftsinterne innovasjons-, kompetanse- og omstillingstiltak. Søknader kor fleire bedrifter går saman om ei tyngre satsing vil bli prioritert. Søknadane må tilfredsstille gjeldande regelverk for offentleg støtte til bedrifter og vil bli handsama av Innovasjon Noreg.

5. Større prosjekt og prosjekt som ikkje vil oppnå finansiering i det ordinære virkemiddelapparatet i regi av fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, regionråda eller kommunane vil bli prioritert.
6. Normalt vil det bli kravd også anna finansiering enn kompensasjonsmidlar. Finansieringsandel med kompensasjonsmidlar vil bli vurdert i kvart einskild tilfelle. Medfinansiering med kompensasjonsmidlar skal alltid ha ein utløysande effekt for prosjektet eller tiltaket. Med *utløysande* meinast at tiltaket ikkje hadde blitt gjennomført, eller berre gjennomført i ein mindre og meir avgrensa form utan kompensasjonsmidlar. Det er ikkje tilstrekkeleg at midlane er med å oppretthalde eit tilbod. Kompensasjonsmidlar kan heller ikkje nyttast til å erstatte anna finansiering.
7. Moglegheiter for å nytte kompensasjonsmidlar til å finansiera prosjekt innafor områda kultur og idrett er stramma inn. For slike søknader vert det kravd ei særleg dokumentasjon om næringsretta relevans.

Søknadar skal sendast inn elektronisk gjennom det nettbaserte søkesystemet RF 13.50 og skal innehalde:

- Ein omtale av tiltaket det søkast om støtte til, inkludert målsettingar for tiltaket og relevans for formålet med tilskotsordninga.
- Plan for gjennomføring, herunder aktiviteter, tidsplan, organisering og samarbeidspartnarar.
- Forventa resultat.
- Budsjett for prosjektet/tiltaket, herunder finansieringsplan.
- Søknadssum.
- Andre relevante opplysningar søkaren meiner er viktige for søknaden og andre opplysningar som er spesifisert i kunngjøringa.
- Søkjaren skal opplyse til tilskotsforvaltar om føretaket har mottatt offentlig støtte, og eventuelt etter kva avgjerd, for det inneverande året og dei to siste regnskapsåra.

3. Styringsstruktur

Styringsgruppe: Det vert oppnemnd ei felles styringsgruppe for alle dei aktuelle kommunane i Hordaland som tilrår bruk kompensasjonsmidlane innafor dei retningslinene som blir trekt opp av KMD og fylkeskommunen. Hovudoppgåvene for styringsgruppa vil vere:

- Gje innspel i samband med strategisk forvaltning av midlane.
- Utarbeide handlingsplan med forslag til bruk av midlane på bakgrunn av innkomne søknader herunder prioritere midlar til einskildprosjekt.
- Dei lokale representantane har ansvar for å forankre prioriteringane i eigen kommune.

Styringsgruppa skal vere sett saman av ein næringslivsleiar, med ein personleg vararepresentant utpeika av NHO, frå kvar kommune og ordførarane frå dei fire kommunane.

NHO Hordland, administrasjonen i fylkeskommunen og Innovasjon Norge Hordaland har fast observatørstatus i styringsgruppa.

Dersom det ikkje blir semje om bruken av midlane i styringsgruppa, går saka til Regionalt næringsforum og fylkesutvalet for endeleg avgjerd.

Ei viktig presisering er at dette er Hordaland fylkeskommune si styringsgruppe for forvaltning av kompensasjonsmidlane. Ordførarane og næringslivsleiarane er oppnemnde som medlemmer og ressurspersonar for å få til ei forvaltning som best mogleg samsvarar med dei lokale behova. Forvaltninga må samstundes vere i tråd med føringane frå KMD og fylkeskommunen.

Styringsgruppa har fullmakt til sjølv å konstituera seg med leiar, eventuelt nestleiar.

Regionalt Næringsforum (RNF) skal ha desse oppgåvene i forvaltninga av kompensasjonsmidlane:

- Gje innspel/råd til fylkesutvalet i saker knytt til forvaltninga av kompensasjonsmidlane.
- Godkjenne mindre endringar/omdisponeringar i forhold til dei årlege handlingsplanane.

- Følgje opp forvaltninga av midlane og ta opp relevante problemstillingar knytt til overordna strategisk styring.

Fylkesutvalet skal ha det overordna forvaltningsansvaret som inneber:

- Vedta retningslinjer for forvaltning av kompensasjonsmidlane.
- Godkjenne ein årleg handlingsplan utarbeidd av styringsgruppa.
- Fastsette rammer for einskildprosjekt i handlingsplanen.
- Fatte endeleg avgjerd i saker kor det ikkje er semje i styringsgruppa.
- Godkjenne større endringar i disponeringa av midlar i høve til handlingsplanen.

Innovasjon Norge skal ha ansvar for å forvalte eventuelle midlar avsett til bedriftsstøtte i handlingsplanen i tråd med rammene i handlingsplanen. Dette er i tråd med retningslinjene frå KMD.

4. Administrative oppgåver knytt til forvaltning av midlane.

Dei administrative oppgåvene er todelte. Fylkeskommunen har ansvar for forvaltninga av midlane samt handsaming i RNF og fylkesutvalet medan Samarbeidsrådet for Sunnhordland har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styringsgruppa.

Fylkeskommunen si forvaltning av kompensasjonsmidlane omfattar;

- Utlysing av midlane.
- All sakshandsaming for RNF og fylkesutvalet.
- Innhente nødvendig tilleggsinformasjon og utforme tilsegn i tråd med årleg handlingsplan.
- Oppfølging av tilsegnsmottakarar inkludert hente inn årsrapportar og sluttrapportar for prosjekta.
- Delutbetalingar og sluttutbetalingar.
- Rapportere bruken av midlane både på fylkesnivå og til KMD.

Sekretariatsfunksjonen for styringsgruppa omfattar;

- Innkalling til møta på vegne av leiar og saksførebuing. Føring av protokoll og utsending av vedtak.
- Utforme årleg handlingsplan basert på innkomne søknader og styringsgruppa sine vurderingar.
- Kontakt med aktuelle søkarar i utforminga av handlingsplanen og anna korrespondanse på vegne av styringsgruppa.
- Rapportering av styringsgruppa sitt arbeid.
- Andre oppgåver på vegne av styringsgruppa etter nærare avtale.

5. Habilitet

Fordi mange personer med ulik tilknytning til enkeltaktørar og grupper er med i arbeidet med å handsame søknadane i sekretariat, i styringsgruppa, i fylkeskommunen sin administrasjon, i RNF og i fylkesutvalet må personane som er har desse rollane vurdere sin eigen habilitet.

Det blir lagt til grunn at ein nyttar fylkeskommunen sine rutinar for habilitetsvurdering. Denne byggjer på Forvaltningslova og Kommunelova. Rutinen skal:

- Sikre ålmenta si tillit til at saksbehandlar opptrer upartisk og objektivt.
- Sikre korrekte avgjerder.
- Verne den som tek avgjerd mot at det vert sådd tvil om truverdet til vedkomande.